

Bergen 27. mars 2008

Til Den norske Forleggerforening

**Kommentarar til Den norsk Forleggerforening sitt brev av 13.03. 2008
til dei fylkeskommunane som tek del i NDLA**

NDLA er eit initiativ for samarbeid om innkjøp og utvikling av digitale læremiddel som alle fylkeskommunane i landet, utanom Oslo, stiller seg bak. Målet på sikt er å gjere digitalt innhald fritt tilgjengeleg på nett, for alle fag og årstrinn i den vidaregåande opplæringa.

Prosjektet er eit fylkeskommunalt svar på utfordringa som Kunnskapsdepartementet (KD) uttrykte i utlysing i 2006 m.o.t. satsing på digitale læremiddel:

Kunnskapsdepartementet har følgende mål for satsingen:

Å øke tilgang til og bruk av digitale læremidler i videregående opplæring. Utvikle videregående skolars og skoleeiers kompetanse som utvikler og/eller bestiller av digitale læremidler. Øke volum og mangfold av digitale læremidler rettet mot videregående opplæring. Over tid å redusere elevenes utgifter til læremidler.

(Hentet fra utlysningsteksten (ref: 200604599-/JOH))

NDLA skal gjennom å utvikle og å kjøpe digitalt innhald bidra til å nå KD si målsetjing slik utlysningsteksten uttrykkjer. Vidare skal NDLA gjere det mogleg for fylkeskommunane å svare på felles utfordringar vedrørende mangfald og kvalitet på digitale læremiddel. Dette gjeld generelt for alle fag og årstrinn og er ikkje avgrensa av til fag som til no har fått støtte frå KD.

Innføring av gratisprinsippet og overføring av ansvar for læremidla til fylkeskommunane gjer det naudsynt å etablere nye ordningar for å svare på utfordringar knytt til kostnad og kvalitet. NDLA som felles fylkeskommunalt initiativ er eit tiltak i så måte. Når forleggjarforeninga reiser spørsmål om det er rett av fylkeskommunane å bruke egne midlar i eit felles innkjøpssamarbeid for å løyse denne oppgåva, av den grunn at dette initiativet har fått prosjektmidlar av KD, stiller vi oss uforståande. Det at fylkeskommunane vel å bruke 10 % av ramma for læremiddel i ei utviding med fleire fag igjennom NDLA, er ei forsiktig og naturleg utvikling.

Kunnskapsdepartementet har gjennom tre tilsegner (desember 2006, april 2007 og februar 2008) løyvd til saman 26 millionar kroner til tiltaket. Midlane er gitt til produksjon og innkjøp av digitale læremiddel i faga norsk og naturfag Vg1.

Nord-Trøndelag fylkeskommune har ei sjølvstendig tilsegn på helse- og sosialfag. Denne satsinga er i dag ein integrert del av NDLA.

Utdanningsdirektoratet har i samarbeid med NDLA lagt til rette for presentasjon og bruk av læremidla på <http://fag.utdanning.no>. Dette er sikra av KD gjennom finansiering av eit eige tilgangsprosjekt (TGP). Utdanningsdirektoratet har fått ansvaret og har gitt den offentlege nettportalen Utdanning.no i oppgåve å leggje til rette for struktur for tilgang.

NDLA har i dag eit avtalefesta samarbeid med TGP som er knytt opp til dei tildelte midlane frå KD til NDLA. I kva grad TGP får mandat til å tilby infrastruktur for ei utviding med fleire fag i NDLA, er ikkje opp til fylkeskommunane å avgjere, men ei sak for departementet.



NDLA rapporterer til KD på måloppnåing og for ulike vilkår som er gitt i tilsegnsbrev. NDLA oppfyller i dag alle slike vilkår. Ein av premissane KD sette for tilsegnene sine, var at minst 40 % av midlane skal nyttast til kjøp i marknaden. Til no har NDLA brukt over 50 % av midlane til kjøp i marknaden.

Fylkeskommunane har som skuleeigarar eit overordna ansvar for læremiddelsituasjonen i den vidaregåande opplæringa. Problemstillingar knytt til lite mangfald på den digitale læremiddelmarknaden er ei av dei problemstillingane som NDLA vil svare på. Situasjonen i dag kan kjenneteiknast av at eit fåtal tilbydarar tilbyr læremiddel i heller få fag, særleg dei store fellesfaga, mens det i ei lang rekkje fag ikkje er læremiddelalternativ å velje mellom i det heile. Gjennom NDLA har fylkeskommunane så langt tatt ansvaret for på sikt å betre på dette.

NDLA vil leggje til rette for ulike læringsressursar som skal dekkje same kompetansemål. Mangfaldet vert sikra m.a. ved at skulane sine eigne fagfolk slepp til med eigne bidrag, samstundes som NDLA heile tida kjøper innhald i marknaden der faglærarar også er med i innkjøpsprosessen.

NDLA har gjennom offentleg innkjøpskonkurransse etablert eit breitt samarbeid med ulike aktørar i marknaden. 21 ulike tilbod kom inn i konkurransen, og sju vart kåra som vinnarar. Av dei tilbydarane som NDLA teikna kontrakt med, er det berre ein som er medlem i Den norske Forleggerforening. Ein vonar at framtidige innkjøpsrundar kan gje grunnlag for auka samarbeid mellom forleggjarforeininga sine medlemmer og NDLA.

Med vennleg helsing
Nasjonal digital læringsarena

Svein-Erik Fjeld
Styreleiar NDLA /
opplæringsdirektør
Hordaland fylkeskommune

Øivind Høines
Prosjektleiar NDLA

Adr: postboks 7900
5020 BERGEN

Kopi:
Kunnskapsdepartementet
Kyrkje- utdannings- og forskningskomiteen, Stortinget
Utdanningsdirektoratet
Fylkeskommunane
KS
Utdanningsforbundet
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening